

## Naseskylling



Dette er ei rettleiing til pasientar som får strålebehandling mot nasen og kor legen tilrår naseskylling i forbindelse med denne.

Strålebehandling irriterer slimhinnene og kan medføre sårheit, tørrleik og skorpedanning i nasen. Skylling med fysiologisk saltvatn vil bidra til å halde nasen open, slimhinnene reine og å løyse opp skorper.

### **Sånn gjer du:**

Bruk fysiologisk saltvatn (NaCl 0,9 %), som du får kjøpt på apoteket.

- Fyll litt lunkent saltvatn i ei skål.
- Stå godt framoverbøygd over vasken.
- Klem av for det eine naseboret med ein finger.
- Trekk eller snus saltvatnet opp i det andre naseboret, og blås eller spytt vatnet ut igjen.
- Gjenta skyllinga 2 – 3 gonger i kvart nasebor.
- Skyll to gonger dagleg, eller som anvist av legen.
- Saltvatnet bør ikkje svelgast.

Ein kan alternativt bruke ein liten gummiballong eller ”nasehorn” med spiss tut til skyllinga. Denne fås kjøpt på apoteket.

**Haukeland Universitetssjukehus**  
**Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk**  
[www.helse-bergen.no/avd/kreftavdelinga](http://www.helse-bergen.no/avd/kreftavdelinga)